

NJØS EIGEDOM AS
Njøsavegen 5
6863 LEIKANGER

Tilsegn om tilskot til infrastrukturutvikling på Njøs Egedom AS

Vi viser til tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, hovudutval for næring og kultur i HNK-sak 31/19 og fylkestinget i FT-sak 31/19. Her blei det sett av til saman 6 mill. kr. til prosjektet *Infrastruktur ved Njøs Egedom som grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærssenter* (seinare Njøs frukt- og bærssenter).

Vi viser også til brev med melding om vedtak datert 21. juni 2019 der vi mellom anna skriv:

Fylkeskommunen forpliktar seg gjennom vedtak i hovudutval for næring og kultur, og i fylkestinget til å yte eit tilskot på til saman 6 mill. kr. til prosjektet Infrastruktur ved Njøs Egedom som grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærssenter, gitt at de oppfyller vilkåra i vedtaka.

Det står enno att avklaringar knytt til mellom anna kostnadsgrunnlag, og statsstøtteregelverk før vi kan skrive endeleg tilskotsbrev med vilkår for tilskotet.

De har jobba vidare med saka og har sendt oss oppdatert kostnadsplan og status for utbygginga per september 2020, og eit notat frå BDO med vurderingar knytt til statsstøtteregelverket datert 7. september 2020. De har også klargjort spørsmål vi har hatt knytt til notatet.

På bakgrunn av desse dokumenta og tilbakemeldingar frå dykk har vi konkludert med at vi no kan skrive endeleg tilskotsbrev på til saman 6 mill. kr. i tråd med dei vedtaka som blei gjort av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019. I dette tilskotsbrevet går vi kort gjennom dei vurderingane vi har gjort, før dei formelle vilkåra for tilskotet følgjer.

Vurdering

Statsstøtteregelverk

Midlane på til saman 6 mill. kr. blei sett av gjennom to vedtak:

- 4 mill. kr. frå hovudutval for næring og kultur, der det var spesifisert at løyvinga skulle gå til forskingsinfrastruktur og det blei peika på gruppeunnataket (GBER-ordninga) artikkel 26
- 2 mill. kr. frå fylkestinget der det var ein føresetnad at midlane blei tildelt i tråd med statsstøtteregelverket, men ikkje ytterlegare spesifisert type støtte utover det

Då søknaden først blei vurdert i samband med hovudutvalssaka skrev vi mellom anna dette:

EØS-avtalen omfattar i hovudsak ikkje landbruk. Basert på dei opplysningane vi har fått framstår Njøs Egedom å vere eit selskap som skal drive forvaltning og utleige av landbrukseigedom, og ikkje direkte produksjon av landbruksvarer. Vi vurderer det som mest sannsynleg at selskapet blir omfatta av EØS-avtalen. Dersom Njøs Næringsutvikling meiner Njøs Egedom ikkje vert omfatta av

EØS-avtalen må dei gje oss utfyllande grunngjiving for det. Det er også mest truleg at ein god del av aktiviteten i selskapet vert rekna som økonomisk aktivitet. Eit eventuelt tilskot bør difor truleg tildelast i tråd med unntaksheimlar i statsstøtteregelverket.

De har no sendt oss ei vurdering gjort av BDO datert 7. september 2020, der blir det vurdert om statsstøttereglane set avgrensingar i høve til å gje tilskot til Njøs Eigedom og om aktiviteten er omfatta av landbruksunnataket. Konklusjonen i notatet er at EØS-avtalen ikkje set avgrensingar i høve til å gje tilskot til det aktuelle prosjektet slik det ligg føre i dag. BDO argumenterer for at Njøs frukt og bærcenter produserer produkt og tenester som er «kuløyseleg knytt til» omsetjing av frukt og bær som fell utanom EØS-avtalen. Når det gjeld Njøs Eigedom vert det lagt vekt på at Njøs frukt og bærcenter er hovudleigetakar, og alltid vil vere det. Det er nokre andre leigetakarar, men så lenge utleige til andre utrekna etter kapasitetsutnytting er under 20% vil også tilskot til Njøs Eigedom falle utanom EØS-avtalen.

Det er gjort ei grundig vurdering av eit kompetent organ med god kompetanse innan statsstøtteregelverket, og ser ikkje grunn til å stille spørsmål ved dei vurderingane som er gjort. Vi legg difor til grunn at støtta til Njøs Eigedom ikkje er omfatta av EØS-avtalen, slik det er beskrive i notatet og basert på dagens status. Vi presiserer at det likevel er Njøs Eigedom som er ansvarlege for at alle tilskot til selskapet er i tråd med regelverket, og at det er gitt rette opplysningar i saka, og at drift av selskapa vil vere i tråd med dei opplysningar gitt til fylkeskommunen og BDO. Det er Njøs Eigedom sitt ansvar å sikre at utleige til andre ikkje overstig 20% av kapasiteten på anlegget. Dersom dette skjer må det i førekant gjerast grep for å unngå kryssubsidiering.

Fullfinansiering

Opphavleg budsjett frå søknad var 32 mill. kr., men då var det også søkt om 15 mill. kr. frå fylkeskommunen. De har jobba med å få på plass finansiering og har førebels eit budsjett på 22,6 mill. kr. noko som fører til større nedskalering i planane.

Når hovudutvalet tildelte midlar sa dei dette om fullfinansiering;

Ei tildeling føreset fullfinansiering av prosjektet slik det ligg føre iprospekt, eller eit justert budsjett i tråd med den finansieringa det er mogleg å løyse ut frå samarbeidspartar eller gjennom eigen finansiering. Det er ein føresetnad at også andre partnarar går inn med finansiering, og at finansieringa blir på eit slikt nivå at intensjonen bak prosjektet kan gjennomførast.

Ein viktig føresetnad for tilskotet var at Graminor flyttja jordbærforedlinga til Njøs, noko dei har vedteke å gjere. Det blir også gjennomført ei større oppgradering på Njøs, og sjølv om omfanget, og innretninga ikkje er heilt som skissert i prospektet som låg til grunn for søknaden, så er finansieringa slik at intensjonen bak prosjektet blir gjennomført. Vi godkjenner difor kostnadsplan og budsjett slik det ligg føre i statusgjennomgang i september 2020.

Endeleg vedtak - tilskotsvilkår

For at tilskotet skal vere gyldig må de signere vedlagt skjema og returnere innan 3 veker etter at tilskotsbrevet er motteke. Dette som ein stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Tilskotet gjeld til 31.12.2022. Eventuell søknad om forlenging av tilskotet må sendast sakshandsamar før denne dato.

Godkjente kostnadar og godkjent finansieringsplan

Løyvd beløp: 6 000 000

Godkjent kostnadsplan

Tittel	Sum	Kommentar
Laboratoriebygg	0	Justert fra opphavleg søknad, tatt ut
Riving av eksisterande bygg	0	Justert fra opphavleg søknad, tatt ut
Garasje/fruktlager/servicebygg	14 500 000	
Karantene/mottak/rengjøring	1 800 000	
Kryssingshus/genmateriale	1 200 000	
Ny energiløysing	1 000 000	
Kontorbygg	0	Justert fra opphavleg søknad, tatt ut
Kjøp av eiendom	3 135 000	
Støttemurar	500 000	
Vegar, plassar, parkering	850 000	
	22 985 000	
Sum finansiering		

Godkjent finansieringsplan

Tittel	Sum	Kommentar
Njøs frukt- og bærcenter AS	6 480 000	Aksjekapital, innbetalt tilskot fra kommunar og Graminor
Lerum AS	100 000	Aksjekapital
Landbruks- og matdepartementet	3 000 000	Ekstraløyving øyremerka kryssingsveksthus og kvalitetssystem
Vestland fylkeskommune	6 000 000	Tilskot
Planlagt lån	6 905 000	Lån
ENOVA	500 000	
	22 985 000	
Sum finansiering		

Vilkår for tilskotet

Vi legg til grunn at tilskotet ikke er omfatta av EØS-avtalen jamfør vurderinger gjort av BDO. Dette er vurderinger gjort ut frå opplysningane BDO hadde per september 2020, og dagens situasjon i selskapet. Vi presiserer at det er Njøs Eigedom som er ansvarlege for at alle tilskot er innanfor regelverket, og for at opplysningar gitt til BDO og fylkeskommunen er rette, og at prosjektet vil bli gjennomført i tråd med reglane. I dette ligg det også å sikre at uteleige til andre ikkje overstig 20% av kapasitetsutnyttinga på anlegget.

Generelle vilkår:

- Større endringar i prosjektplan, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilskotsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnadane som ligg til grunn for fylkeskommunen si løying er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja inntil 26,1 prosent av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med opplysningane vi har motteke i saka og i tråd med tilskotsbrevet. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli tilsvarende avkorta.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på www.VLFK.no
- Prosjektet må ikkje settast i gang før prosjektet er fullfinansiert.
- De skal skriftleg akseptere at de tek i mot tilskotet på dei vilkår som er sette. Tilskotet kan falle bort dersom fylkeskommunen ikkje har motteke stadfesting av tilskot og vilkår innan fristen.

- Det skal først spesifisert rekneskap for kostnadane. Rekneskapen skal setjast opp slik at den kan jamførast med endeleg kostnads- og finansieringsplan.

Profilering

- I alle presentasjoner av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilskotsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, no Vestland fylkeskommune.
- Retningsliner for profilering av Vestland fylkeskommune;
<https://www.vestlandfylke.no/om-oss/grafisk-profil/>

Utbetaling ved aksept av vilkår

- Fylkeskommunen kan utbetale inntil 25 prosent av tilskotet når tilsegnsmottakar har akseptert vilkåra i tilskotsbrevet, og arbeidet har starta opp. Dette vert gjort når fylkeskommunen har motteke signert aksept av vilkåra og de har sendt inn oppmoding om første utbetaling.

Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnadene (last opp relevante vedlegg).
- Det vert maksimalt mogleg å oppmode om delutbetaling på 75 prosent av løyvd beløp. Har ein fått utbetalat 25 prosent ved aksept av vilkår, kan ein dermed maksimalt oppmode om delutbetaling på 50 prosent. Ved utbetaling av dei neste 50 prosent av tilskotet må søker legge ved dokumentasjon på faktiske utgifter (dømevis utdrag frå rekneskapssystem) på 75 prosent av totalkostnadene i prosjektet. Delutbetaling vert gjort i høve til godkjent kostnadsprosent på 26,1 prosent av akkumulerte kostnadene. Resterande 25 prosent kan først utbetalast når aktiviteten er fullført og sluttrapport og rekneskap er sendt inn til fylkeskommunen.

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Så snart som mogeleg, og seinast innan tre månadar etter at prosjektet er avslutta, skal tilsegnsmottakar sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no.
- I særskilte høve kan prosjektet etter skriftleg søknad til Vestland fylkeskommune få forlenga fristen for utbetaling av tilskotet.
- Der skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport i www.regionalforvaltning.no. Dette må skje innan 1.03.2023.
- Sluttrapporten og sluttrekneskapen skal handsamast av dei styrande organa i prosjektet og godkjennast av prosjekteigar.
- Rekneskap skal stadfestast av revisor.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalat beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalat tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Vestland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er:

Kristin Arnestad

E-post: Kristin.Arnestad@vlfk.no

Mobil: 90616843

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføring av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift

Vedlegg: Aksept av vilkår

Vi ber om at de signerer og returnerer følgjande vilkår innan 3 veker etter at tilskotsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Aksept av vilkår

Prosjektnamn: Infrastrukturutvikling Njøs Eigedom

Løyvd beløp: 6 000 000

Vår ref. (arkiv): 2020/73579

Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Njøs Eigedom AS

Postadresse: Njøsavegen 5, 6863 Leikanger

Org.nr. : 924.382.724

Kontaktperson: Stein Harald Hjeltnes

Sakshandsamar

Vestland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Namn: Kristin Arnestad

Epost: Kristin.Arnestad@vlfk.no

Telefon: 90616843

Vi stadfester med dette at vi har lest tilskotsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: Dato:

Signatur prosjekteigar:

Returnerast til sakshandsamar på e-post: Kristin.Arnestad@vlfk.no